
Fra: Even Vaular <Even.Vaular@hfk.no>
Sendt: mandag 11. desember 2017 15.36
Til: Kommunane i Hordaland - Alle
Kopi: Lise Fauskanger Ådlandsvik
Emne: Tilskot til trafikksikring i 2018

Til kommunane i Hordaland

No er tida inne for å søka trafikksikringsmidlar for 2018. Fylkestrafikksikringsutvalet i Hordaland (FTU) delar ut midlar gjennom tre tilskotsordningar. For to av ordningane er det søknadsfrist **1. januar 2018**.

Merk at i tillegg til kommunane kan også *skular, barnehagar og lag og organisasjonar* søkja om støtte til *trafikksikringsarrangement!* Vidaresend difor gjerne e-posten til dei det kan vera aktuelt for.

Kort om ordningane

- *Tilskot til lokale trafikksikringsarrangement*
 - Søknadsfrist **1. januar, 1. mai og 1. november** 2018.
 - Rett til å søkje: Kommunane i Hordaland, skular, barnehagar, lag/foreiningar/organisasjonar.
 - Søk i eget søknadsskjema. Tilsvarande skjema finn ein for rapportering.
 - Utbetaling skjer etter at tiltaket er gjennomført og sluttrapport er tilsendt HFK.
- *Tilskot til mindre fysiske trafikksikringstiltak*
 - Søknadsfrist **1. januar** 2018.
 - Rett til å søkje: Kommunane i Hordaland.
 - Søk i eget søknadsskjema. Tilsvarande skjema finn ein for rapportering.
 - Utbetaling skjer etter at tiltaket er gjennomført og sluttrapport er tilsendt HFK.
- *Tilskot til utarbeiding av kommunale trafikksikringsplanar*
 - Søknadsfrist **1. april** 2018.
 - Rett til å søkje: Kommunane i Hordaland.
 - Søk via e-post.
 - Utbetaling skjer etter vedtak av trafikksikringsplan.

Om du ønskjer å søka tilskot er det viktig at du set deg godt inn i vilkåra for den aktuelle tilskotsordninga. Søknadsskjema og meir informasjon om ordningar og vilkår finn de på www.hordaland.no/tilskot, under kategorien «Veg og transport» (heilt nedst på sida).

Søknadar om tilskot vert handsama av FTU i det neste møtet etter at søknadsfristen har gått ut. Det er særleg verdt å merka seg at arrangement ein søker tilskot til må finne stad etter dato for handsaming i FTU. Møteplan for utvalet finn du her: <https://www.hordaland.no/nn-NO/politikk/saker-saksgang-og-politiske-mote/politisk-moteplan-2018/>

Beste helsing

Even Vaular
Rådgjevar
Samferdselsavdelinga | transportplanseksjonen



Tlf: 55 23 90 75
www.hordaland.no